

Brakakledning på Teodorløa

Sluttrapport



Arbeidet med ny brakakledning på Teodorløa er no slutført. Det har vore den klart største jobben med brakakledning eg har hatt, 70 m² fordelt på 2 langveggar og ein gavlvegg. Arbeidet vart tatt i to vender, langveggen på baksida av løa vart tatt i april og er handsama i ein eigen delrapport, og gavlen og langveggen opp mot fylkesvegen vart tatt i september og oktober.

Eg er svært glad for å ha fått gjera dette arbeidet, og vera med å sikra denne flotte løa frå 1839 for framtida. Ho er eit godt døme på den lokale byggjeskikken, med brakakledde veggjar og steinheller på den nedste, mest væte- (og råte-)utsette delen av veggen. Det viser ei god tilpassing til ressursgrunnlaget og klimaet lokalt, og det kan vera på sin plass å skriva nokre ord om dette.

Går ein hundre år tilbake i tid, så var det lite skog på Osterøy. Skogreisinga med granplanting var nett komme i gang, og på dei fleste gardane fanst det ikkje furuskog. Lauvskogen var overbeskatta i ein slik grad at alle gardane, med nokre få unntak, tok torv til brenslé. På denne tida, dvs. frå århundreskiftet og fram til 2. verdskrigen, vart det gjennomført utskifting på gardane her. Det må ha vore ein gullalder for brakakledningen, med alle dei bygningane som skulle flyttast og kleast på nytt. I ei tid med lite pengar og mykje arbeidskraft må denne kledningen vore eit fornuftig val på alle måtar, helt gratis og godt eigna for eit stort arbeidslag. Brakjen vert ikkje beita av sau og storfe, så det var alltid god tilgang på brakje i utmarka, sjølv om han vart hausta til

brenslé og matlaging før elektrisiteten kom. Råtesterk som han er, så vert han saman med skvetthellene den perfekte kledningen i eit klima der det regnar rundt 2,2 m i året.


Bygningar kledd med brakje finn ein berre her i distriktet. Utbreiinga har sitt episenter her på Osterøy, der brakakledde løer var det vanlege, og ein finn det i nabokommunane Alver, Bergen, Samnanger og Vaksdal. Vidare ut frå dette er det berre tilfeldige utløparar. Eg trur grensene for utbreiinga er kulturelle grenser, det er ingen ting med klima eller ressursgrunnlag som tilseier at det ikkje hadde vore like fornuftig andre stader langs kysten. Eg hørde ein gong nokre litt svulstige ord i ein festtale: «Brakakledningen er Osterøy sitt bidrag til bygningsarven!» Men det er noko i det.

På denne jobben leigde eg med meg Tove Mostrøm frå Museumssenteret i Hordaland, avd. Havrå. Me arbeidde saman fram til 2016, og ho er ei av ytterst få med noko særleg erfaring med brakakledning. Dette var dels fordi dette er ein stor jobb som eignar seg best for fleire, dels fordi det passar best å få unna arbeidet med tanke på min eigen arbeidsplan, og dels for at ho skulle få styrka sin eigen kompetanse på dette arbeidet. Så det var til nytte for begge paratar.



Tove i sving med å reinska ei busk så ho vert klar til å treast.

Me byrja på gavlen, som vart kledd med bølgeblekksplater på eit tidspunkt når brakakledningen ikkje lenger gjorde nytten. Det er diverre den vegen det går med mange brakakledningar når dei vert dårlege.



Skvetthellene står omlag i lodd, og er festa oppe i ei lekt som er hogd til av lauvtre. Dei var oppetne av mit, og knekte. Me hogde til nye og festa på same staden. Ein ser at dei er felt inn i opplengjene, slik at dei hamnar i same planet som dei.



Hellene er festa på ulike måtar. Her var ho festa med ein brakakrok, men den var knekt. Ein finn mange slike når ein er ute i marka og klypper brakje, så eg har gjort det til ein vane å ta dei med når eg finn dei. Holet er bort med navar, så det er kont. Det er gjort på eit øyeblikk å smi til kroken så han passar, og han dreg seg godt til når ein slår han inn.



Ei anna mykje brukt løysing er jernkrokar, slik som her. Det kan også vera tommar til hengslar, eller vinkelen på utsletne stutturvblad som vert kutta til og slått inn. Elles er spikar av ulike slag også mykje brukt.



Då me fjerna bølgeblekksplatene, fann me bitar av dei gamle stengene på opplengjene. Dei fortel om treslag, avstand og korleis veggjen vart reven. Tydelegvis kappar dei stengene inntil opplengjene og velta kledningen ut i eitt stykke.



Brakjen må me henta der han fins, og me henta han i liene på sørsida av Stemmesegga. Her er det fortsatt store felt med brakje som ikkje er overgrodd med skog. Brakjen vert tettast og finast der han har god lystilgang. Me vel oss ut område der det er tett med brakje, slik at me får arbeid rasjonelt.



Ein som dreiv med brakakledning på 90-talet sa «Senebetennelse når du driv med brakakledning er like sikkert som amen i kyrkja!» Eg brukar difor ei batteridreven saks, og det er då ingen problem å driva på i vekesvis i strekk.



Det vert ein del handtering av brakjen før han kjem på plass i veggen. Me buntar han saman i bører på ein slik måte at han vert minst mogleg utsett for skade under handteringa, og samstundes har passe vekt og storleik til å kunna berast. I kvar børe er det i overkant av 100 busker.



Brakjen til dette prosjektet fann me på eit område på rundt 100 m i radius, men det ligg eit stykke frå vegen. Me bar børene fram til eit samlingspunkt på ein haug.



På haugen står det ei furu lagleg plassert, så me strekte løypestreng mellom furua og eit grantre som står i vegkanten. Dette lettar transporten enormt, og det er god, gammal lågteknologi basert på tyngdekraft som alltid fungerer. Me løypte ned 88 bører med brakje til desse to veggane. Vidare vart børene frakta fram til løa på biltilhengar. Arbeidet med å sankta brakje utgjer omlag 1/3 av arbeidet med ein kledning.

På langveggen stod skvetthellene fint, så me hadde ikkje noko arbeid med dei. Her var det berre å riva den gamle kledningen, spikra på nye stenger og tre brakjen.



Langveggen sett frå innsida før me reiv den gamle kledningen. Alt baret er borte, det er berre stilkane att.



Buskene vert reinska så stilken vert berr, og i enden er det att omlag 30 cm med bar. Buskene vert tredd så tett det let seg gjera, og me slår dei saman sidevegs med øksenakken etterkvart som me trer. Veggan vert såleis så kompakt som me klarar å få han, og han vert då i praksis ei 30 cm tjukk matte. Etter kvart som åra går, vert han gradvis sletten ned av vêr og vind til han endar som på førre bilete.



På innsida vert veggen som ein karakteristisk grov strietapet. Som ein ser kjem det ikkje inn noko lys gjennom ein ny kledning



Gavlveggen med gammel og ny kledning.



Langveggen mot vegen med gammel og ny kledning.

Me er takksame for støtta som har komme frå Kulturminnefondet, Osterøy kommune gjennom SMIL-ordninga, Vestland fylkeskommune, Norsk kulturarv, Vestenfjeldske bykreditts stiftelse og Runshaugfondet. Desse tilskota har gjort det mogleg å ta vare på denne snart 200 år gamle løa, som saman med huset med ei stove frå 1585 og jordkjellaren som fortsatt er i dagleg bruk, dannar eit tun med høg kulturhistorisk verdi.

Votlo, 27/10 2023

Kjetil Monstad, utførande handverkar

